



Til grunneigarar/ naboar

Vår referanse: PLAN-2022/20450-15

Saksbehandlar: Bjarte Stavenes

Dato: 20.02.2025

### Information in English

If you need this information in English, please contact Agency for Planning and Building Services at +47 55 56 63 10, [postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no](mailto:postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no) or visit the information desk at Johannes Bruns gate 12 (open 08.00–14.00).

## PLAN- OG BYGNINGSETATEN INFORMERAR

### Justert planforslag til avgrensa høyring:

Årstad, Gnr. 13, Bnr. 355, 1132, Storetveitvegen, sykkelanlegg,  
Reguleringsplan arealplan-ID 63100000

### Bakgrunn

Det blir synt til tidlegare planforslag utlagt til offentleg ettersyn 09.10.2021 –23.11.2021 .

Forslaget er tilgjengeleg i kommunen sitt digitale planregister:

[www.arealplaner.no/bergen4601](http://www.arealplaner.no/bergen4601).

Etter offentleg ettersyn er det blitt gjort endringar i forslaget. Etter fagetaten si vurdering kan endringane varslast som avgrensa høyring. Vi ber partane om å avgrense ein eventuell uttale/merknad til dei konkrete endringane, då tidlegare innkomne uttalar og merknader framleis vil følgje saka til politisk behandling.

### Foreslegne endringar

Hovudløysinga i planforslaget er ikkje endra. Nedanfor nemnast kort dei viktigaste endringane som er gjort, men det synast òg til eige vedlegg for meir informasjon: «Notat. Endringar i planforslaget sidan offentleg ettersyn hausten 2021», datert 04.02.25.

- Planforslaget er delt i to, i form av at den sørlegaste delen av planområdet er tatt ut av planområdet, og vil gå som eigen plan.
- Planforslaget syner fire utvidingar av plangrensa i forhold til høyringsforslaget. Eitt av desse areala er ikkje formelt varsla tidlegare. Dette gjelda arealet sørvest for Storetveit skole, langs gangvegen til Storetveitvegen. Denne høyringa er ei formell varsling av utvida plangrense for dette arealet.
- Det planleggjast for 40 km/t i staden for 60 km/t. Dette gir fleire fordelar, mellom anna redusert totalverrsnitt for veganlegget.
- Tre av seks busshaldeplassar blir foreslått gjort om til kantstopp.
- Kryssingar for mjuke trafikantar: 1) Det er lagt inn ny kryssing i plan nord for Fantoftkrysset. 2) Nedkøyrte bru nordaust for Storetveitmarken blir erstatta med

kryssing i plan, tilsvarende dagens mellombelse løysning. 3) Undergangen ved Elvebakken blir erstatta med kryssing i plan.

- Kirkeveien: For å sikre trygg skuleveg blir det foreslått å etablere fortau på vestsida av Kirkevegen, frå Storetveitvegen til Storetveit skule. Kantparkeringa her tas bort.
- Fantoftkrysset: Kryssområdet utvidast for å inkludere Kirkevegen samtidig som kryss mot Fantoftvegen strammast opp og skalerast ned.
- Parkeringsareal ved Storetveitvegen 56 og 58: Planforslaget inneberer erverv av parkeringsareal. Delar av arealet blir erstatta, men i redusert omfang samanlikna med planforslaget som var til offentleg ettersyn. Dette for å redusere inngrep i grøntareal.
- Breidder for gåande og syklande: Breidder på fortau og sykkelveg er ikkje endra etter høyring. Frem mot 2.gangsbehandling kan det bli aktuelt å justere litt på breiddene innanfor areala som er satt av til fortau, sykkelveg og sideareal/rabatt.

Lista er ikkje uttømmende. Kontakt oss dersom du er usikker på endringane for din eigedom.

### Har du innspel til planforslaget?

Aktuelle saksdokument er lagt ved dette brevet. Råka partar inviterast til å kome med synspunkt og innspel til endringane som er gjort i planforslaget. Desse kan sendast via merknadsboksen på [kunngjeringsida](#),

eller via e-post til: [postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no](mailto:postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no)

eller via post til: Bergen kommune  
Plan- og bygningsetaten

—

Ved spørsmål, venlegast referer til saksnummer PLAN-2022/20450. Mottekne merknader registrerast fortløpande i saka, og er tilgjengeleg via saksinnsynsidene til kommunen: [www.bergen.kommune.no/omkommunen/offentlig-innsyn/innsynplanogbyggesak](http://www.bergen.kommune.no/omkommunen/offentlig-innsyn/innsynplanogbyggesak)

For å være sikker på at merknaden blir teke med i den vidare behandlinga av planforslaget, er det viktig at den er kommunen i hende innan merknadsfristen **27.03.2025**.

Vi ber om at merknader som sendast inn berre gjeld endringane gjort etter høyringa. Tidlegare merknader innsendt til plansaka vil bli gjennomgått i merknadsskjema som følger saken til politisk behandling.

Aktuelle saksdokument er tilgjengeleg på kommunen sine kunngjeringsider: [www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunngjoringer](http://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunngjoringer). Varselet blir ikkje kunngjort i dagpressen, men vil være tilgjengeleg på denne kunngjeringsida.

### Leserettleiing til planforslaget

Dei ulike arealbruksformåla er synt i forslag til plankart og omtalt i forslag til reguleringsføresegn (bestemmelser). I plankartet nyttast forkortingar og fargekoder for kvart formål. I plankartet er det gitt ei teiknforklaring for fargar og forkortingar som er synt.

Viss du ikkje har tilgang til Internett, eller du treng meir utfyllande dokumentasjon, kan du kontakte Plan- og bygningsetaten sitt kundesenter i Johannes Bruns gate 12, eller ta direkte kontakt med saksbehandlaren via e-post eller telefon. Kontaktinformasjon finn du lengre nede i dette brevet.

### Juridiske dokument

Når et planforslag er vedtatt, vil plankart og reguleringsføresegn (bestemmelser) vere dei juridiske dokumenta.

### **Vidare saksgang**

Mottekne merknader blir ikkje svart på direkte, men vil bli referert og kommentert i den vidare saksbehandlinga. Når saker skal til politisk behandling kan dei følgast på kommunen sine nettsider: [www.bergen.kommune.no/politikk/saker](http://www.bergen.kommune.no/politikk/saker). Når det er gjort eit endeleg vedtak i saken, vil det bli kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider. Grunneigarar og naboar vil bli varsla ved brev.

**Har du spørsmål?** - Ikkje nøl med å ta kontakt med oss!

- Bjarte Stavenes, saksbehandlar i Bergen kommune, telefon 408 13 088,  
Epost: [bjarte.stavenes@bergen.kommune.no](mailto:bjarte.stavenes@bergen.kommune.no).
- Hilde Gunn Stenseth, prosjektleiar hjå Vestland fylkeskommune, telefon 95 44 31 97,  
Epost: [Hilde.Gunn.Stenseth@vlfk.no](mailto:Hilde.Gunn.Stenseth@vlfk.no)
- Geir Lyngaas, prosjektleiar hjå Vestland fylkeskommune, telefon 918 33 209,  
Epost: [Geir.Lyngaas@vlfk.no](mailto:Geir.Lyngaas@vlfk.no)

Med helsing  
Plan- og bygningsetaten

**Bjarte Stavenes**

*saksbehandlar*

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.